

Det har hatt totalt så mykje målpolitisk betydning, kva slags mål vi skal ha eller ikkje. Eg vil tenkje litt på det før eg kan ha ei meining om det, men det som ein kan dra fram det er jo det at i ei god tid der Sigmund Dale då var leiar i lagsbruksnemnda og hadde med seg gode folk der, han var også aktiv i Noregs Mållag, han og fleire. Sigmund Dale og eg me var jo veldig gode vener heile livet og at han hadde mykje å seie for målbruken i lagsbruka, det er heilt opplagt. Men eg er ikkje sikker på at det målpolitiske synet var akkurat avgjerande. Han pressa lagsbruka for å yte til både det eine og andre, 50-års jubileet til ?teater f.eks var jo temmeleg mykje pengar i frå lagsbruka som kom inn, men om det fekk noko å seie for utviklingen i Noregs Mållag det veit eg ikkje, men i den bråka som var i ei årrekkja i Noregs Mållag som kom seg av at vestmennene dei kjempa med nebb og klør for å følge opp alt det som dei hadde gjort tidlegare og det var ikkje lett å kunne sei på eit årsmøte i Noregs Mållag at det var noko samla fylking. Dei hadde rektor Øverås, han var jo formann ei tid, og eg veit ikkje om .....

Ja, det var mykje bråk. Asbjørn Øverås, det heitte jo det at han begynte alle setningar med eg, og han var jo ein fantastisk mann. På grunn av at eg var med i bl. a. eit utvalg så kom eg i kontakt med Øverås. Eg må sei at eg syns han var ein steikande likandes kar. Han var lett å samarbeide med og det var ein mann som eg likte. Men eg må fortelje ein anekdote som kanskje er kjent. Då han blei vald til formann så var det rektor Eskeland som då var formann i valnemnda, og dei hadde leita etter ein mann av sitt slag og det fann dei ikkje. Dei kom då med framlegg om Asbjørn Øverås. Og då han skulle presentere resultatet så seier han då at det er jo vanleg når ein skal komme fram med ein brudgom, og eg skal gje han mange gode, ja eg skal vise og fortelje kor god kar det er. Det gjer ikkje eg, det gjer han best sjølv.

Eg trur at ?? at ho gjekk ut og gret, så bittert kunne det være. Men eg må bare konstatere eg har ikkje tenkt i og for seg noko på lagsbruka sin tyngde i målstriden. Eg trur dei aller fleste godtok det som var gjort av samskipnaden av Norges Mållag i dette tilfelle. Eg kjenner ikkje til, eg kan ikkje hugse at det på noko møte i det heile var snakk om rettskriving for å sei det enkelt nok. Eg trur ikkje det.

Bare eit forsøk på eit innspill i den diskusjonen sånn som eg oppleve det så er det sånn at i fyrste tida tidleg på århundre så var det heilt opplagt samanheng mellom oppbygging av organisasjonen og det ideologiske arbeidet og finansiering gjennom lagsbruka. Når me kjem fram til etterkrigstida så er ikkje den samanhengen fullt så tydeleg lenger for lagsbrukane, ein del i alle fall. Dei utvikla seg til ein liten stat i staten. Det var ei slags honnørstilling for mange å bli med i lagsbruksstyret etter lang og tru teneste i lagsarbeidet, og då blir det av og til eit lite sånn dele der i mellom. Det trur eg er eit viktig moment, og så når det gjelder dette uttrykket lagsbruksadelen som er kasta fram, så innbillar eg meg at det kan være litt av det som ligger at lagsbrukane var ein stat i staten som levde sitt eige liv sånn språkleg når det gjaldt viljen til å støtte, og så var det jo og eit reint fagleg moment at Ivar Eskeland utanifrå sett sikkert kunne tenkje at du verden, her er det mange millioner av fri kapital å sette inn, mens styrane på eit fagleg grunnlag seier at det faktisk ikkje er så mykje å gje ut. Det kan og være ein grunn til at det skjer noko sånn.

Ja eg sat og tenkte på noko av det same at i forlenging av dette då at særleg etter krigen så Skjer det i alle fall ei profesjonalisering av lagsbruka, som Kåre sjølv har vore representant for. Og det har vel sansynlegvis, altså min hypotese vil då være at det har forsterke ein tradisjon som det etter kvart har blitt skapt for at lagsbruka meiner ikkje noko om dei målpolitiske veivalga til Norges Mållag osv., men kanskje blir dei etter kvart meir opptatt av kva er det mest økonomisk fornuftig å bruke pengane til. Har du noko kommentar til det, Kåre?

Nei eg trur det er riktig. Ein kan seie det at, eg har i alle fall skreve ein plass, at når det gjeldt den store saka om Norges Ungdomslag om rusdrykkføresegna, så var det jo veldig, ja i alle fall ein del av dei som møtte på lagsbruksmøta som ikkje sa eit ord når det gjaldt slike ting. Det var ein del som var usamde, men det var aldri sak på noko lagsbruksmøte. Det var noko som vedkom eigarlaget og organisasjonen. Det var ikkje lagsbruka som hadde med å gjere. Så eg trur at det er litt analogt, det kunne være mange meiningar, men i samband med samarbeidet på lagsbruksmøta så kan eg ikkje hugse at det var gitt uttrykk for noko. At ein mann og mann imellom kunne snakka om både det eine og det andre, det var ein annan sak.

Då ser vi kanskje tilbake til den eventuelle skepsisen mot Dag og Tid at det blei jo ikkje stifte så mange nye avisar i 60-åra, det er jo i 70-åra at lokalavisa kjem for fullt for eksempel Det kjem få nye avisar i 60-åra, meiner eg å hugse. Og då var det kanskje i utgangspunktet ein viss skepsis til at same kor mykje ein meinte at det var viktig med ein nynorsk avis osv. er dette prosjektet godt nok for våre pengar. Trur du at dette var ein del av diskusjonen i lagsbruka i den grad det var ein diskusjon?

Ja, eg kan ikkje minnst i alle fall i farten noko slags direkte ordskifte om det. Det var rett og slett har vi råd til å bruke desse pengane, eller har vi ikkje. Det er jo så at her på våre kanter så hadde vi Gula Tidend og det er jo så at for min del så hadde eg jo rekna med at det idelle bladet måtte være noko i likskap med Gula Tidende, men eg var jo fullt klar over at det var det ikkje alle som delte, skulle det være for heile landet så måtte ein jo ta andre omsyn og.

Har du i noko kjeldemateriale komme over noko som tyder på at lagsbruka ga noko midler til 17.mai i tidsrommet fram til 1930?

Ikkje noko anna enn at det var jo sal av 17.mai blomster og annonseteikning i programmet, men direkte løyvingar, det trur eg ikkje det var.

Nå tenkte eg på avisa 17.mai.

Ha-ha, ja det var ei anna sak. Nei eg kjenner ikkje til at det i det heile tatt har vore noko kontakt. Det var jo eit Oslo-føretak så eg trur det var lite utbredt her på Vestlandet.

Ja det kan godt hende, men rundt 1912-1913 så er 17.mai den neststørste dagsavisa i Norge Og har ei heilt anna spreining utover i landet, men kanskje ikkje på Vestlandet, det veit eg ikkje, eg trur nok at det var mykje på Vestlandet og, men heilt anna spreining utover landet enn Aftenposten som var den største avisa, men då var altså 17.mai større enn Dagbladet for eksempel og Tidens Tegn. Det går an å undersøkje i form av annonsemengde så vil nok lagsbruka være synleg vil eg tippe utover 20-talet, men då er samtidig avisa på vei ned, så kor interessant dette var som prosjekt det veit eg ikkje.

Nå har vi snakka mykje om Kaffistovene og dette, og i ein tidlegare samtale så trur eg du la fram eit resonnement i retning av at Kaffistovene var grunnlaget for veldig mange andre lagsbruk, altså skulane og kanskje ein del av blada også. Kan du seie noko meir om desse samanhenga, altså lagsbruk var jo meir enn kaffistover, men korleis blei dette finansiert?

Ja ein kan seie det at det var jo veldig mykje snakk at lagsbruk det var ikkje bare kaffistove og det var jo veldig mange som prøvde med forskjellig og hadde store planar. I Oslo var det jo

fleire, ja Norske Trygdeagentur for å nemne ein ting. Ellers i oversynet som me har der står det jo også noko om bygdeblad og lokalblad, så det er greitt, lagsbruk det kan være alle slags verksemd, det er ikkje noko grense for det.

Etter at denne lagsbruksnemnda blei skipa i 1949, var det ikkje det, så vil eg tru at det på årsmøta etter kvart blir litt diskusjon om kva ein ønsker å prioritere i den grad ein skal gå inn med midlar i andre prosjekt. Har du vore borte i nokon diskusjon av ein så strategisk karakter la oss gå tilbake til dette med avisar, om kor vidt det var viktig for lagsbruka å hjelpe til med nye bladtiltak eller var det noko vurdering om kva type tiltak som var viktige?

Ja du kan sei det at Allkunneboka og Dag og Tid, det var i grunnen det som også ga noko resultat. At der var ynskje om tiltak, det var det nok, men det blei vel silt ut så i øyeblikket så kan eg ikkje sei at eg har noko tankar om andre tiltak som i alle fall hadde noko betydning.

Dette med Allkunneboka, som jo er eit svært viktig tiltak og prisverdig på alle måtar, var det ei sak som kom stadig opp igjen på desse årsmøta, eller var det først og framst når det begynte å bli krise i Fonna Forlag at spørsmålet meldte seg for fullt?

Ja, eg har jo sagt at eg tykkjer Årnes var ein av dei aller aller største arbeidarane i dette arbeidet, norskdomsrørsla, men når det gjaldt då han sette i gang Fonna Forlag så brukte han nok lagsbruksnemnda, men han gjekk samtidig over nær sagt heile landet, søkte kontakt med Lagsbruksstyra for å få dei til å teikna lutar i selskapet og sjølv sagt hadde han mange utredningar og mange samtalar rundt omkring om Allkunneboka og pengar til det, og hadde veldig mange framlegg både om det eine og det andre for å hjelpe på med dette. Så han spelte både direkte til lagsbruka og til lagsbruksnemnda, og det blei jo, han motarbeidde jo seg sjølv meg å gjera det for det at tilliten blei litt tynnslitt når han brukte begge delane.

Du har vore inne på i ein samtale at ein god del offiserar som har stått i brodden for både Fylkeslag og for forskjellig lagsbruksarbeid. Er dette på ein måte eit framhald av dette frivillige skyttervesenet, eg holdt på å seie 1884 ein gong til, var det ein tradisjon som heldt seg veldig lenge?

Nei, eg vil jo tru at det heldt seg noko ut i 20-åra, men ikkje noko seinare. Eg kan vel sei det at det var vel fleire lagsbruk, bondeheimar, som hadde måleri av skjeparane og det var ein god del offiserar og det var skyttarvesenet som også var lagsbruk, ja det var stor interesse for. Men hvis ein skal følgje ein enkelt mann som flytta rundt på 3 forskjellige plassar og som fekk i gang eit lagsbruk på kvar plass ...

Du understreker i ein samtale at lag og lagsbruk det var eit veldig stort behov for både lag og For forretningsdrift. Visst du samanfatningsvis skulle sei litt om kva som skapte det behovet. Kor kom det behovet frå? Behovet for å drive med desse lagsbruka? Kva var det som utløyste dette behovet? Då er vi tilbake til noko som vi var inne på litt tidlegare.

Har du noko spesiell kjennskap til historia bak Heim for landsungdom i Oslo.? Var det eit reint østlandsk tiltak eller var det noko som Vestlandet blei involvert i?

Nei det meiner eg var eit Oslo-tiltak aleine, og det var jo fylkeslaget som sto bak. No hugsar ikkje eg detaljane, men det var opplagt ein stor sum i frå staten som vart sett inn. Dei kjøpte den skulen og det var vel staten som betalte det, trur eg, ja det var det, så det var ikkje BUL i Oslo som hadde noko med den å gjera. Men dei har jo eit jubileumsskrift, der må det jo stå.

Ja det var vel Oslo Fylkeslag som det heitte då den gongen som eigte den som eit vanleg forretningsselskap og det eg kjenner til så var det vel i Nordahl Brunsgt. 22, var det ikkje det? Men meiner du at staten var sterkt inn i bildet med innkjøp av den garden?

Ja eg meiner det. Eg trur at det var noko med desse her, ja Vinmonopolet, eller noko pengar som var avsett og noko sånn. Men det vil jo være ei enkel sak å få greie på.

Litt oppsummeringsvis om personar. Du har jo nemnt mange og fortalt litt om mange av dei, slik som eg les det du seier så er det, og nå ser vi bort i frå Kåre Kolås sjølv, det er jo prisen for å være kilde, men du framhever særleg Sigmund Dale og Hans Årnes som vi nettopp var innom, og ikkje minst Konrad Nerheim som nesten ikkje er omtalt i Mållagshistorien for eksempel. Dei 3 har du framheva mykje. Er det andre du syns vi burde framheve spesielt for å forstå lagsbruka sin historie, ditt navn gjer seg sjølv, men utanom det?

Når det gjeld Konrad Nerheim, så har han lite med lagsbruka å gjera, men eg har jo framheva han som ein norskdomsmann, og han var jo utan svik der, men han var jo også ein person med mange sider på same måten som Årnes for så vidt som at, ja eg har vel antyda at me blei uvener til slutt for det at han brukte bl.a. Eskeland i ei sak der han hadde brukt nokre ordningar med rekneskap og anna som ikkje akkurat falt i min smak, så det blei nokre braduljer av det. Men det var som målmann først og framst, og at han aldri fira på det.

Men er det nokre andre namn som det er grunn til å nemne spesielt, synes du?

Ja, i grunnen så var det jo ei rekke personar som bør omtalast. Eg har vel nemnt Viktor Kruger. Han var jo ein fasinerande person. Han var ikkje god å ha som motmann, men av ein eller annan grunn så hadde eg mykje med han å gjera, vi var mykje i saman og det var opplagt at hadde eg ein dag i Oslo, så skulle eg kome opp til han når han hadde tid då, og hadde mange hyggelege prater, for han likte nok å dominera. Han hadde jo ein evne til å framstille ei sak på ein sterk måte og han var ikkje nådig mot sine motstandarar. Men i det arbeidet som han gjorde i fylkeslaget som styrar for Heim for landsungdom og alt som det førte med seg, så ved sida av at han heile tida når han hadde den jobben, var aktiv i lagsbruksrørsla. Han var jo ein av dei som hadde mest ordet på eit lagsbruksmøte. Det var positive tankar han hadde. Eg skulle nok hatt litt meir tid for å få med det som var vesentleg.

Men han hadde ikkje noko målpolitisk bakgrunn, hadde han det?

Nei, han var jo sjølv sagt klinkande klar i sin målbruk uansett, og han var jo også eit aktivt medlem i arbeidarpartiet, og han hadde gode kontaktar, og han brukte nok dei på alle måtar, også til vår fordel.

Var slike som Jens Haugland og Helge Sivertsen, veit du om det var folk som han hadde særleg kontakt med? Eg vil tippe at han hadde mykje med Sivertsen å gjere ialle fall.

Ja det er nok heilt riktig, men eg kjenner ikkje detaljane der. Når det gjeld Haugland så var jo han aktiv, men eg snakke med han to-tre gonger, men ellers hadde eg ikkje noko kontakt med han, og eg veit ikkje om han blanda seg opp i lagsbruka.

Nå tenkte eg meir på Krugers kontaktnett inn i arbeiderpartiet. Eg trur at hans politiske plassering i dette på eit tidspunkt når den målpolitiske avstand til arbeiderpartiet begynner å auke, at den har vore lite omtalt, Hvis du hadde meir å legge til her, så hadde det vore interessant.

Nei eg har ikkje akkurat i øyeblikket noko meir å legge til. Når det gjeld Kruger, så var han før krigen veldig aktiv i Norges Ungdomslag eller Hordaland Ungdomslag. Han og Tor Myklebust dei var mykje i saman, sjølv om dei var på kvar sitt parti, men det var det at dei hadde jo begge vore veldig i mot våpenbruk, pasifistar i den forstand. Tor Myklebust han blei jo forsvarsvenn etter kvart før krigen, men Viktor Kruger han var motstandar, og gjorde seg gjeldande der på årsmøte i Norges Ungdomslag, og han var komprisslaus der. Han fortalde då at han hadde det vonbrotet at eldste sonen hans han begynte i Forsvaret.

Sånn kan det gå. Arne Garborg han var ikkje så nøgd med sonen sin han heller. Men når lagsbruka blir, det er kanskje farleg å bruke ordet av-ideolisert, men i alle fall at det blir mindre sentral i dette politisk ideoliserte arbeidet etter krigen, fører det til at det også endrar rekruttering til lagsbruka i form av fleire bokmålsbrukarar for eksempel?

Ja tenker du på kundar?. Eg trur ikkje at det har hatt noko å seie i det heile. Eg har ikkje tenkt på det, men det var jo det at det var jo veldig mykje bokmålsfolk i frå tidlegare, eller som brukte bokmål, men som jobba alt dei kunne for norskdomsrørsla, og eg har ikkje tenkt på den sida av saken, men om det har vore ei glidande overgang det kan eg ikkje sei. Eg har aldri merka meg det.

Poenget ditt i stad med retrettstilling kunne tyde på at det ikkje var noko særleg rekruttering av bokmålsfolk inn i styre og stell, men du vil kanskje legge til noko her Nils.

Ja eg veit ikkje, det er heilt sikkert rett det du seier, Kåre, om forhold som gjelder her på Vestlandet, men min opplevelse av frå då eg har vore med frå slutten av 60-åra og fram til i dag, at der er kome ein god del bokmålsfolk inn i dette her, og at det har vore ein viss kamp og diskusjon om nynorsken sin status i brukane, og der ein del har stilt likhetsteikn i mellom bokmålsbruk og profesjonalisering, altså skal me profesjonalisere markedsføringa av Kaffistovene, ja så må me bruka bokmål. Det synspunktet har nok kome inn, men det har nok kome inn først og framst i frå dei tilsette leiarane, men styrane har ikkje alltid vore like klar til å møte dette spørsmålet.

Det kan jo virke som ein organisasjon som Norges Ungdomslag har hatt ein del store problem dei siste 10 åra. Ein av mine teoriar om det vil være at dei har miste litt av det ideologiske grepet på kvifor dei er til, og hvis formålet blir uklart, så blir også praksisen uklar og det blir ein vond sirkel som eg trur at Norges Ungdomslag har slite ein del med og eg veit ikkje om det same gjer seg gjeldande i lagsbruka, for dei har så veldig konkrete oppgåver der det å drive ei verksemd blir eit mål i seg sjølv, men i det øyeblikket du har eit problem, så begynner du å leite etter årsaker og tiltak, og då vil ein fort få den der diskusjonen om nynorsken er eit problem og grunn til problema.

Ja og det er nok heilt sikkert at den har vore der. Der er lagsbruk som har slete med lønsomhetsproblem og så er det lett for å skulde på at ja enten så treng me skjenkerett for å drive lønsomt, eller så må me annonsera på bokmål for det er ingen som vil besøka Kaffistova

hvis det ikkje er gjort. Så kan jo me sitja her og veta at det egentlege problemet var eit heilt anna, men det var ikkje alle som var like villig til å innrømme det.

Ja det er jo så at dei siste 10 åra så har ikkje eg vore med i den daglege utviklinga, men det er nok riktig det som du seier. Men eg minnest, eg hadde jo Norges forretningsmållag der eg var leiar ein god del år, me tok opp tanken om nynorsk reklame og utreda då og fekk med oss ein fin kar som lagde ein del utredningar for oss og det blei sendt spørsmål og det blei tatt opp gallupp og litt av kvart, og resultatet var jo det at det var få som var interessert i nynorsk for så vidt, men dei hadde ingenting i mot at ein brukte det i reklame for det at det skapte noko nytt inn i bilete som dei hadde god bruk for i reklamebransjen.

Det interessante er at det argumentet blir brukt 40-50 år etter at dere heldt på med det arbeidet i forretningsmållaget så det er same historia opp att, dessverre. Nå er eg kome til vegg ende på spørsmålslista mi, eg veit ikkje om det er noko du har lyst til å seie sånn som ei samanfating eller noko som du brenn inne med. Eg vil i alle fall sei så det blir festa til band og dermed til papiret at det har vore svært nyttig og lærerikt å høyre på deg i alle desse timane, og eg vil gjerne sei takk for at du har orka å stille opp og så håper eg at vi kan fortsette arbeidet seinare, men hvis det er noko du har lyst til å legge til, så er det ein sjanse til nå, og så er det ein ny sjanse når korrekturen kjem i posten seinare.

Ja, det er jo klart at det er mykje ein kunne seie, men for min del syns eg det har kome inn ein ny vri når du kom inn i dette arbeidet, og dermed blei me ikkje så sjølvcentrerte som før. Du har, ja me har snakka om det fleire gonger Nils, kor nyttig og triveleg det var, men det er vel sikkert 15-20 år sidan eg begynte å interessera meg for dette her med lagsbruksarbeidet og historia, og grunnen var jo rett og slett det at eg kunne ikkje lata være å sjå når eg hadde ein smule oversikt over det som skjedde rundt omkring, tenkte på kva slags utvikling er det vi går inn i. Så gjekk det då inn i historia og prøvde å få greie på mest mulig og det var då eg fekk sånn ei fantastisk godvilje for den generasjonen som i århundreskiftet skapte denne lagsbruksrørsla, og eg får ikkje fred før akkurat det kjem på sin plass. Det må ha vore ein kva skal vi sei, ein nyskaping, og at denne kulturen som lagsbruksrørsla trass alt la grunnlag for sjølv om det var laga som utførte arbeidet, så var det lagsbruksdrifta som ga årsak til at det kunne skje noko. Og det er det som har vore drivkrafta for meg.

Ein kunne snakka i det uendelege, men eg veit ikkje om eg har noko meir i øyeblikket. Ja, det som, når eg skreiv den første oversikten, Nils, som du ba meg om, så var jo den relativt rått og ikkje noko sær, utan noko som helst hjelpemiddel berre dra ut tankar. Det er greitt nok, men eg sa jo den gongen eg heldt det innlegget i lagsbruksnemnda at her måtte være grunnlag for ein doktorgrad, så norskdomsrørsla og lagsbruksrørsla kva har dei hatt å seie for nasjonen vår. Hvis du ser på det enkelte lag og enkelte lagsbruk som har vøkst fram og gjort sitt i sitt område, finn vi noko liknande organisasjon som har gjort så mykje i det heile tatt for kulturen i landet vårt?